

Bremanger kommune

# Strategisk næringsplan 2015 - 2020



*«Saman skapar vi  
eit sterkt næringsliv»*

# Bremanger mot 2020

For å lukkast med næringsutvikling er det viktig med ei klar og avtalt rollefordeling mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar.

Gjennom Strategiske Næringsplan 2014 – 2020 etablerer Bremanger visjon, mål, strategiar og handlingsplan for korleis Bremanger skal drive næringsutvikling.

Målsettinga er at Bremanger kommune, gjennom denne planen, skal legge til rette for at Bremanger kommune er ein attraktiv kommune for etablering- og utvikling av framtidretta næringsaktivitet.

## Prosessten

Det har vore viktig for Bremanger kommune å involvere heile næringslivet i arbeidet med ny strategisk næringsplan. I prosessen er det gjennomført dybde-intervju med i overkant av 30 bedrifter og organisasjonar. Det har også vore arrangert 3 samlingar i samarbeid med Bremanger Næringsråd der næringslivet og politikarar har fått høve til å komme med innspel til arbeidet. Det har delteke rundt 40 personar på kvar samling.

## Fokusområder

Gjennom arbeidet er det valt ut 6 fokusområder som Bremanger kommune vil prioritere som innsatsområder for å stimulere til næringsutvikling i Bremanger, dette er;

- **Næringsvennleg kommune** : ein næringsvennleg kommune lyttar til næringslivet og tilpassar det offentlege tenestetilbodet til behova i næringslivet. Bremanger kommune vil bidra til dette ved å arbeide for eit samordna tenestetilbod.
- **Infrastruktur** : er viktig for å skape ein større og integrert bu-, arbeid- og næringsregion. Bremanger kommune vil difor prioritere å arbeide vidare med å utvikle infrastruktur på veg og sjø, samt elektronisk kommunikasjon.
- **Kompetanse og utdanning** : næringslivet i Bremanger kommune har ein relativ høg andel fagarbeidarar samanlikna med resten av landet. Bremanger kommune vil arbeide for auka samarbeid mellom skule og arbeidsliv, for å sikre næringslivet tilgang til rett kompetanse.
- **Attraktiv bu- og arbeidskommune**: attraktive bu og besøksområder er viktig for å tiltrekke seg innbyggjarar og besøkande. Bremanger kommune vil arbeide for å vidareutvikle bu og besøksområder i kommunen.
- **Organisering av næringsapparatet** : tydeleg og klar organisering av næringsaktiviteten i kommunen er viktig for å avklare roller og ansvar mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar. Bremanger kommune vil etablere ei tydeleg organisering av næringsapparatet og utvikle ein samarbeidsmodell med Bremanger Næringsråd for å bidra til dette.
- **Omdømme, marknadsføring og rekruttering** : synliggjerung av mangfald og muligheiter av arbeidsplassar i kommunen er viktig for rekruttering av rett kompetanse til næringsliv og kommune. Bremanger kommune vil arbeide for å skape eit godt omdømme og kunnskap om muligheitene i kommunen ved eit aktivt rekruttering- og marknadsarbeid.

### Prioriterte næringer

Bremanger kommune er rik på naturressursar og har komparative fortrinn omkring nokre næringer. Dei sentrale næringane er kjenneteikna av at dei har spesielle fortrinn i form av råstoff, naturressursar, arbeidskraft, teknologi og næringskompetanse. Sentrale næringer gir vesentlege ringverknader til andre næringer i kommunen, som tenar på vekst og utvikling i desse næringane.

De sentrale næringane som prioriterast i næringsarbeidet til Bremanger kommune er;

- **Fiskeri og havbruk**
- **Fornybar energi**
- **Industri og leverandørbedrifter**
- **Reiseliv, oppleving og kultur**
- **Landbruk og skogbruk**

*«For å lukkast med næringsutvikling er det viktig med ei klar og avtalt rollefordeling mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar»*

## Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>6</b>
1.1 Bakgrunn for prosjektet .....	6
1.2 Prosjektmandat .....	6
1.3 Prosjektorganisering .....	7
<b>2. Visjon, mål og strategiar</b> .....	<b>8</b>
2.1 Visjon .....	8
2.2 Hovudmål .....	8
2.3 Fokusområder .....	8
2.4 Sentrale næringar .....	9
2.5 Strategiske grep og tiltak .....	9
<b>3. Kommunen sitt utgangspunkt</b> .....	<b>11</b>
3.1 Styrker .....	11
3.2 Svakheiter .....	11
3.3 Muligheiter .....	11
3.4 Truslar og flaskehalsar .....	12
<b>4. Næringsvennleg kommune</b> .....	<b>13</b>
4.1 Ståstad .....	13
4.2 Mål .....	13
4.3 Strategiske grep .....	13
<b>5. Infrastruktur</b> .....	<b>15</b>
5.1 Ståstad .....	15
5.2 Mål .....	15
5.3 Strategiske grep .....	15
<b>6. Kompetanse og utdanning</b> .....	<b>17</b>
6.1 Ståstad .....	17
6.2 Mål .....	17
6.3 Strategiske grep .....	17
<b>7. Attraktiv bu- og besøkskommune</b> .....	<b>19</b>
7.1 Ståstad .....	19
7.2 Mål .....	19
7.3 Strategiske grep .....	19
<b>8. Organisering av næringsapparatet</b> .....	<b>20</b>
8.1 Ståstad .....	20
8.2 Mål .....	20
8.3 Strategiske grep .....	20
<b>9. Omdømme, marknadsføring og rekruttering</b> .....	<b>22</b>
9.1 Ståstad .....	22
9.2 Mål .....	22
9.3 Strategiske grep .....	22
<b>10. Sentrale næringar</b> .....	<b>24</b>
10.1 Ståstad .....	24
10.2 Sentrale næringar .....	24
10.3 Fiskeri og havbruk .....	24
10.4 Industri og leverandørbedrifter .....	25
10.5 Fornybar energi .....	25
10.6 Reiseliv, oppleving og kultur .....	26
10.7 Landbruk og skogbruk .....	26
10.8 Andre næringar .....	26
<b>11. Handlingsplanar</b> .....	<b>27</b>
11.1 Langsiktig handlingsplan 2015- 2020 .....	27
11.2 Tiltaksplan 2015 .....	33

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for prosjektet

Bremanger Hamn og Næring KF blei avvikla i desember 2012 og personell og arbeidsoppgåver vart overført til kommuneadministrasjonen.

Ein av hovudintensjonane bak omorganiseringa var at ei implementering av hamn- og næringsarbeidet i kommuneadministrasjonen skulle bidra til betre samhandling og meir effektiv bruk av ressursane. Det vart og slege fast at ein for å lukkast måtte sikre næringslivet sin medverknad gjennom eit tettare samarbeid mellom kommune og næringsråd i samband med utvikling av strategisk næringsplan og at ein burde etablere faste møtepunkt mellom politikarar og næringsrådet. Det vart og presisert at næringsrådet må ta ansvar for å vere ein aktiv medspelar i prosessane.

Med dette «bakteppet» vart det i februar 2013 etablert eit forstudium der det skulle gjennomførast ei brei kartlegging og analyse som skulle danne grunnlag for eit felles og faktabasert mulighetsbilde for næringsutvikling i Bremanger. Analysen skulle også danne grunnlag for utarbeiding av ny strategisk næringsplan i Bremanger.

Analysen i forstudien vart utarbeidd av Deloitte og var basert på brei medverknad og innspel frå det lokale næringslivet. Hovudtrekka frå analysen er presentert både for politikarar og næringsliv. Materialet frå analysen har vore utgangspunkt for framlegg til ny strategisk næringsplan 2015-2020 med langsiktig handlingsplan for 2015-2020 og tiltaksplan for 2015.

## 1.2 Prosjektmandat

Prosjektplanen «Strategisk Næringsplan 2014-2020 og Handlingsplan 2014-2016» vart godkjent av Kommunestyret 24. april 2014.

### Prosjektplan

Faser	Innhald
Mål og rammer	<ul style="list-style-type: none"><li>• «Attraktiv kommune for etablering og utvikling av næringsaktivitet».</li><li>• Gjennomføring 01.04.2014 – 12.09.2014</li></ul>
Omfang og prosjektorganisering	<ul style="list-style-type: none"><li>• HA-01, Prosjektadministrasjon</li><li>• HA-02, Avklare dokumentstruktur</li><li>• HA-03, Avklare målstruktur og strategiske val / fokusområde</li><li>• HA-04, Handlingsplan 2014-2016 med kostnadssette tiltak</li><li>• HA-05, Sikre forankring og avklaring i Bremanger Næringsråd</li><li>• HA-06, Utarbeide plandokument</li><li>• HA-07, Utarbeide saksdokument, politisk handsaming</li><li>• HA-08, Avslutning</li></ul>
Avgjerstepunkt, oppfølging og rapportering	<ul style="list-style-type: none"><li>• 5 milepæler</li><li>• 6 avgjerstepunktmøter (herav 3 møter med styringsgruppa)</li></ul>
Risikoanalyse	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kritiske risikofaktorar</li><li>• Kvalitetssikring, PLP</li></ul>
Gjennomføring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Hovudaktivitetar (HA-01 – HA-08)</li><li>• Tids- og ressursplan, budsjett</li></ul>
Kontrakter, rapportering og avtaler	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sluttrapport frå prosjektet</li></ul>

Prosjektet fekk følgjande mandat:

### Effekt mål

Bremanger kommune skal vere ein attraktiv kommune for etablering av og utvikling av næringsaktivitet. Kommunen sitt tilretteleggingsarbeid skjer med engasjerte politikarar og i samhandling med det lokale næringslivet.

### Resultatmål for forprosjektet:

Innan 31.08.2014 skal kommunestyret ha vedteke Strategisk Næringsplan 2014-2020 for Bremanger kommune. Næringsplanen skal innehalde handlingsplan med konkrete og kostnadsfesta tiltak for

perioden 2014-2016. Det er en føresetnad at plandokumentet vert utarbeidd i samhandling med Bremanger Næringsråd.

#### Rammer

Forprosjektet skal gjennomførast i perioden 1.4.2014-12.09.2014. Kostnadsramme for prosjektet er kr. 503.700,-

#### Oppgåveomfang og avgrensingar.

Følgjande hovudaktivitetar skal gjennomførast i forprosjektet:

HA-01, *Prosjektadministrasjon*

HA-02, *Avklare dokumentstruktur*

HA-03, *Avklare målstruktur og strategiske val/fokusområder*

HA-04, *Utarbeide handlingsplan med kostnadssette tiltak 2014-2016*

HA-05, *Sikre forankring og avklaring i Bremanger Næringsråd*

HA-06, *Utarbeide plandokument*

HA-07, *Utarbeide saksdokument og politisk handsaming*

HA-08, *Avslutning*

### 1.3 Prosjektorganisering


Prosjektet har vore organisert som eit forprosjekt der ein har valt mål, strategiar og tiltak for å legge forholda enda betre til rette for næringsutvikling og vekst i Bremanger kommune i åra som kjem.

Prosjektet har følgd prosjektleiarprosessen, PLP, si faseinndeling og rutinar for kvalitetssikring. PLP er ein metode som beskriv ei faseinndelt utvikling frå ide til resultat.

Styringsgruppa har representert prosjekteigarane og har hatt som oppgåve å fungere som rådgjevar for prosjektansvarleg, Bremanger kommune v/ ordførar Karl Vidar Førde. Styringsgruppa har hatt ei tverrfagleg samansetnad. Bremanger Næringsråd har vore representert med to personar. Ordførar og rådmann har delteke på vegne av

Bremanger kommune. I tillegg har styringsgruppa inkludert to representantar frå kommunestyret for å sikre den politiske forankringa i prosjektet.

#### Prosjektorganisering



Det har vore leigd inn ekstern prosjektleiar frå Deloitte som har hatt i oppgåve å legge til rette for ei effektiv kommunikasjon med styringsgruppa under prosjektgjennomføringa.

Bremanger Næringsråd har vore referansegruppe for prosjektet. Bremanger kommune, Deloitte og Bremanger Næringsråd har i samarbeid presentert prosjektet på 3 samlingar. Her har ein lagt opp til open dialog og involvering av næringslivet, kommune og politikarar i form av debatt og «workshops». I løpet av forstudien har det vore gjennomført intervju med i overkant av 30 bedrifter og organisasjonar som representerer eit bredt spekter av bransjar i heile kommunen.

## 2. Visjon, mål og strategiar

### 2.1 Visjon

«Saman skapar vi eit sterkt næringsliv»

Bremanger kommune har eit variert næringsliv prega av kompetanse, utviklingsvilje og samhandling.

*Kompetanse er avgjerande for vidare vekst.*

- Bremanger kommune har eit variert næringsliv med kompetente bedrifter og bedriftsmiljø innan ei rekke fagfelt. Spesialkompetanse innan prosessindustri gjev eit godt grunnlag for leverandørbedrifter til industrien.
- Stadig fornying og utvikling av tradisjonelle næringar har medverka til at desse framleis er leiande innan sine områder.

*Utviklingsvilje og dugnadsånd*

- Kulturen er prega av tiltakslyst, utviklingsevne og engasjement.
- Kommunen har fleksible organisasjonar og eit godt miljø for nyskaping som evnar å gripe dei gode anledningane som byr seg.
- Bremanger kommune set pris på kreativitet og nye idear og vil legge til rette for utvikling av nye bedrifter i tillegg til innovasjon i etablerte føretak.
- Bremanger kommune ønskjer å vere nyskapande ved å satse på nye og effektive løysingar innan offentleg forvaltning.
- Bremanger har eit rikt og dugnadsbasert kulturliv i stadig utvikling.

*Samhandling er avgjerande for vidare utvikling*

- Næringslivet i regionen er løysingsorientert og let seg motivere av nye utfordringar. For å sikre vidare utvikling er det viktig å stimulere til auka kvalitet på samhandling mellom næringslivet, frivillige organisasjonar og kommunen.
- Ein genuin vilje og haldning til å utvikle seg saman vil skape sterkare næringskultur. Gode modellar for samhandling og bruk av «beste praksis» vil vere viktig for enda betre samhandling på sikt.
- Nye innbyggjarar vert inkludert på ein god måte i lokalsamfunnet.

### 2.2 Hovudmål

*«Bremanger kommune skal vere ein attraktiv kommune for etablering av og utvikling av framtidretta næringsaktivitet. Kommunen sitt tilretteleggingsarbeid skjer med engasjerte politikarar og i samhandling med det lokale næringslivet.»*

### 2.3 Fokusområder

På bakgrunn av erfaringar og innspel i forstudiet og forprosjektet «Næringsutvikling i Bremanger kommune», er det definert følgjande fokusområde som innsatsområder for verdiskaping:


- Næringsvennlig kommune
- Infrastruktur
- Kompetanse og utdanning
- Attraktiv bu- og besøkskommune
- Organisering av næringsapparatet
- Omdømme, marknadsføring og rekruttering

Eit av dei viktigaste suksesskriteria for næringsutvikling i kommunen er partane si evne og vilje til samarbeid med andre. Samspel, samarbeid



og alliansebygging er difor sjølvstendige strategiar under dei fleste fokusområda.

Metoden i næringsplanarbeidet har vore å få fram næringslivet sine mål og strategiar med tilhøyrande behov for oppfølging frå kommunen. Oppfølginga skal vere en respons på dei behova som næringslivet har definert.



Responsen går på tvers av alle næringer, og mål og strategiar er dermed næringsnøytrale.

## 2.4 Sentrale næringer

For å sikre framtidig næringsutvikling vil kommunen prioritere nokre næringer sterkare enn andre gjennom konkrete næringsretta tiltak. Næringer med stor betydning for lokal verdiskaping, sysselsetting og potensiale for framtidig vekst og utvikling vil då peike seg ut:

- Fiskeri og havbruk
- Industri og leverandørbedrifter
- Fornybar energi
- Reiseliv, oppleving og kultur

- Landbruk og skogbruk

Dei sentrale næringane er kjenneteikna av at dei har spesielle fortrinn i form av råstoff, naturressursar, arbeidskraft, teknologi og næringskompetanse.

Sentrale næringer gir vesentlege ringverknader til andre næringer i kommunen som for eksempel varehandel og bygg og anlegg som direkte eller indirekte tenar på at dei prioriterte næringane veks og utviklar seg.

## 2.5 Strategiske grep og tiltak

Strategisk Næringsplan for Bremanger kommune samanfatar visjon, målsettingar og strategiske grep for å sikre framtidig næringsutvikling og vekst i kommunen i perioden 2015-2020. Gjennom tiltaka skal strategiar settast i verk slik at ein kan realisere målsettingane.

Kvart fokusområde i kapittel 4 – 9 i Strategisk Næringsplan har definert overordna målsetting med tilhøyrande strategiske grep. I kapittel 11 er det definert ein langsiktig handlingsplan for perioden 2015-2020 med forslag til aktivitetar. I tillegg er det definert ein kortsiktig tiltaksplan for 2015 som består av konkrete og kostnadssette tiltak som skal bidra til å nå målsettingane for dei strategiske grepa i 2015. Tiltaksplanen vil rullerast årleg slik at ein i løpet av 2015 vil definere konkrete tiltak for gjennomføring i 2016.


Gjennom prosessen med å utarbeide tiltaksplan for 2015, er det framsett ei rekke forslag til tiltak. Prioriterte tiltak framkjem etter ei vurdering ut frå eit sett av kriterier. Desse har mellom anna vore:

- Stor betydning for ei eller fleire næringer
- Krev samhandling
- Stor betydning for kommunen / verdiskaping

- Rask effekt
- Bidrar til kompetanseheving
- Høg måloppnåing

For kvart definerte tiltak har ein angitt periode, budsjett og kven som er ansvarleg for tiltaket. Deltakarar i tiltaka er ikkje definert, dette kan vere personar frå kommunen sitt næringsapparat, næringslivet og eksterne konsulentar.

Fleire av tiltaka er omfattande og krev ei nærare konkretisering i form av prosjektplan.



*«Tiltaksplan for SNP i Bremanger kommune vert utarbeida kvart år. Tiltaksplanen inneheld prioriterte tiltak innan kvart fokusområde i SNP»*

## 3. Kommunen sitt utgangspunkt

Bremanger kommune er godt rusta til å realisere nye muligheiter og møte utfordringar i åra som kjem. Styrker, svakheiter, muligheiter og truslar kan summerast opp slik:

### 3.1 Styrker

- **Rike naturressursar**

Bremanger kommune er rik på naturressursar, som fisk, fornybar energi, mineralar og vilt. Ein tredjedel av olje- og gassressursane i Noreg blir tatt opp utanfor Sogn og Fjordane. Kommunen har ein variert og storslått natur, frå det golde kystlandskapet til frodige landbruksbygder og høge fjell og brear i indre del av kommunen.

- **Attraktive tenestetilbod**

Gode tenestetilbod som skule, barnehage, eldreomsorg, kulturskule, idrettsmiljø og friluftsliv. Høg kvalitet og desentralisert skulestruktur er ein styrke for bu-attraktiviteten til kommunen.

- **Rikt kultur- og reiseliv**

Kommunen har eit rikt kulturliv med innsats frå mange eldsjeler og sterk dugnadsånd. Det blir arrangert ei rekke festivalar og kulturelle innslag i løpet av året. Dette er viktig for omdømmebygging og skapar fellesskap som gjer kommunen attraktiv både for fastbuande og turistar. Reiselivsnæringa er i vekst og har ein positiv påverknad for utvikling av lokalsamfunnet og marknadsføring av kommunen.

- **Variert næringsliv og kompetanse**

Kommunen har eit variert næringsliv med tyngde innan tradisjonelle næringar som kunnskapsbasert industri, fiske, kraftproduksjon, jordbruk og skogbruk. Stadig fornying og utvikling av tradisjonelle

næringar har resultert i at desse framleis er leiande innan sine områder. Ein stor del av innbyggjarane har utdanning med fagbrev. Utvikla «skift-kultur» i bedriftene gir konkurransefortrinn.

### 3.2 Svakheiter

- **Samhandling mellom verksemder**

Næringslivet i kommunen er kjenneteikna av at det er mange små verksemder og fragmenterte miljø som arbeider mykje sjølvstendig. Her er lite felles tenester.

- **Kommunale tenester**

Kvalitet på nokre kommunale tenester møter ikkje forventningane frå næringsliv og innbyggjarar. Det er identifisert forventningsgap på kvalitet i leveransar ved kommunale innkjøp og tekniske tenester frå lokalt næringsliv.

- **Kommunikasjon**

Internettkapasitet og mobildekning er mangelfull i delar av kommunen. Det er sett i verk tiltak for utbetring av kommunikasjonen i fleire av desse områda.

- **Utdanning**

Bremanger kommune har ikkje tilbod om vidaregåande skule eller høgare utdanning innan kommunegrensene. Det er behov for tettare samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonar i regionen.

- **Mangel på bustadar**

Utfordringar knytt til sirkulasjon av bustadar og småbruk, tilgjengelegheit på gjennomgangsbustadar og evne til raskt å kunne tilby byggjeklare tomter i delar av kommunen.

### 3.3 Muligheiter

- **Profilering og marknadsføring**

For å auke rekruttering og tilflytting til kommunen er det behov for ein tydeleg profilering av kvalitetar og fortrinn i kommunen. Dette kan skje gjennom kartlegging av kompetanse og synleggjering av viktige næringar.

- **Regionforstørring**

Framtidige samferdselsløysingar kan bidra til ein utvida bu- og arbeidsregion. Dette vil vere viktig for utvikling av lokale verksemdar, som vil få tilgang på ein større marknad. Regionar som evnar å bruke og tiltrekke seg kompetanse og som samtidig kan tilby attraktive omgivnader, vil over tid kunne skape innovasjon og vekst.

- **Samhandling**

Auka samhandling mellom privat næringsliv og kommunen med formål å skape tydelegare forankring, felles haldningar og vilje til gjennomføring.

- **Nettverksbygging og kunnskapsdeling**

Kunnskap er nøkkelen til næringsutvikling, og tettare og betre samhandling på tvers av bedrifter lokalt og regionalt er nødvendig for vidare vekst. Mange store bedrifter og offentlege institusjonar ønskjer totalleverandørar. Bedriftene kan sjå på muligeheit for å etablere næringsklynger og tilby pakkeløysingar.

- **Utvikling av leverandørbedrifter**

Spesialkompetanse innan prosessindustri og ei rekke andre fagfelt gir utviklingsmuligeheit for lokale leverandørbedrifter til industrien.

- **Organisatoriske**

Næringslivet samlar seg bak ein felles næringsorganisasjon som har i oppgåve å opptre som næringslivet sitt talerøyr i dialog med kommunen i strategisk utvikling av næringsarbeidet.

- **Næringsareal**

I eit langsiktig perspektiv er det ei sentral offentleg oppgåve å ivareta interessene for areal til næringsformål av ulik karakter. Samarbeid mellom næringsliv og kommunen i arealprosessar er viktig for å kunne tilby eksisterande og nytt næringsliv attraktive areal.

### 3.4 Truslar og flaskehalsar

- **Demografisk utvikling**

Bremanger kommune har utfordringar med stagnasjon og ein aldrande befolkning. Ungdom må flytte ut av kommunen for å studere. Innvandring har medverka til å halde folketalet stabilt siste åra.

- **Generasjonsskifte**

Alderssamansetnaden i bedriftene i kommunen er slik at eit generasjonsskifte er nært føreståande for mange næringar, som fiskeri, mekanisk industri, bygg og anlegg og varehandel. Dette er ein trussel for næringsutviklinga i den grad selskapa eller drifta ikkje vert vidareført til nye generasjonar eller andre bedriftseigarar.

- **Samferdsle og logistikk**

Kommunen har ein utstrakt geografi, noko som fører til høgare transportkostnadar for innbyggjarar og næringsliv. Utbygging og modernisering av infrastrukturen inn og ut av kommunen held ikkje tritt med utviklinga av transportbehovet for innbyggjarar, næringsliv og pendlarar. Samferdsletilbodet er lite pårekneleg og det er manglande regularitet og koordinering mellom ulike transportmiddel.

- **Sentralisering av avgjerslemakt**

Noreg har ein open økonomi med høg import og eksport, der industrien er konkurranseutsett i ein tøff internasjonal marknad. Næringslivet sine avgjersler og funksjonar er i enda større grad enn tidlegare sentralisert. Bremanger kommune har fragmenterte bedrifter, små einingar og ingen lokale konsernfunksjonar.

- **Sårbarheit for endringar i rammeføresetnadar**

Avhengnad av hjørnesteinsbedrifter gjer kommunen sårbar for utvikling i internasjonal økonomi, endringar i kraftprisar og andre rammeføresetnadar.

«Saman skapar vi eit sterkt næringsliv»

# 4. Næringsvennleg kommune

## 4.1 Ståstad

Tenesteproduksjonen i kommunen påverkar i stor grad konkurransevilkåra for næringslivet. Infrastruktur, kollektivtransport, effektiv planbehandling, skule, barnehage og kulturtilbod er eksempel på viktige områder som påverkar utviklinga i næringslivet.

Det er viktig for Bremanger kommune at eksisterande næringsliv har ei kjensle av å bli ivareteke. Lokal identitet og tilhøyrse til Bremanger, som ein stad å bu og drive næringsverksemd, er positivt for samfunnsutviklinga og ein faktor kommunen ønskjer å bidra til.

Det er avgjerande at kommunen synast eintydig med omsyn til organisering og ressursar. Arbeidet med næringslivssaker i Bremanger kommune er i dag fragmentert på ulike sektorar og administrasjonsledd, og framkjem ikkje alltid som lett tilgjengeleg for brukarane. I tillegg har næringslivet gitt tilbakemelding om at saksbehandlingstida i nokre tilfelle er for lang.

Ein meir aktiv næringspolitikk og oppfølging og implementering av strategisk næringsplan vil krevje auka ressursbruk. På ei anna side må kommunen kunne ha ei forventning om at næringslivet tek aktivt del i arbeidet med å gjennomføre planen innan sine områder.

Bremanger Næringsråd har ei viktig rolle som eit samlande organ for medlemmane og næringslivet elles. Seminar og samlingar er viktig for

å bygge identitet og tilknytning til Bremanger som staden der næringslivet samhandlar og nettverk vert etablert.

## 4.2 Mål

«Eit samordna offentleg tenestetilbod tilpassa behova i næringslivet»

## 4.3 Strategiske grep

1. Kartlegge behova i næringslivet for offentlege tenester og utvikle tenestetilbod i samråd med dette.
2. Langsiktig utvikling av infrastruktur, som samferdsle, kommunikasjon og næringsareal.
3. Legge til rette for at lokalt næringsliv kan delta i offentlege leveransar.
4. Jobbe saman for gode rammevilkår for næringslivet.
5. Skape betre føresetnader for lønsemd, bærekraftig vekst og næringsutvikling for nye etablerarar og eksisterande næringsliv i Bremanger.

### 1. Kartlegge behova i næringslivet for offentlege tenester og utvikle tenestetilbod i samråd med dette.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Arbeide for at bedriftene og deira tilsette ser på Bremanger kommune som ei attraktiv lokalisering for næringsverksemd.
- Bremanger kommune skal vere tilgjengelig, kundeorientert og samhandlande.
- Bidra til at innbyggjarane får lik tilgang til informasjon og ei felles forståing for organisering av kommunale tenester.

### 2. Langsiktig utvikling av infrastruktur, som samferdsle, kommunikasjon og næringsareal.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Sjå eige fokusområde om infrastruktur i kap. 5.
- Arbeide for at langsiktig utvikling av infrastruktur tek omsyn til klima og miljø slik at kommunen opprettheld sin attraktivitet som bu-kommune.

### 3. Legge til rette for at lokalt næringsliv kan delta i offentlege leveransar

Strategien blir gjennomført ved å:

- Bremanger kommune skal følge regelverket for offentlege anskaffingar og så langt som råd legge til rette for at lokalt næringsliv kan delta i leveransar.
- Avstemme forventningar og krav ved offentlege leveransar med lokalt næringsliv.

### 4. Jobbe saman for gode rammevilkår for næringslivet

Strategien blir gjennomført ved å:

- Arbeide for å forenkle lovar og reglar og få langsiktige rammevilkår.
- Arbeide for å få fleire kvinner inn i næringslivet.
- Sikre lokalt og nasjonalt eigarskap.

### 5. Skape betre føresetnader for lønsemd, bærekraftig vekst og næringsutvikling for nye etablerarar og eksisterande næringsliv i Bremanger

Strategien blir gjennomført ved å:

- Legge til rette for etablering og utvikling av næringsverksemd i kommunen.
- Innleie tettare samarbeid med Bremanger Næringsråd som representant og talerøyr for næringslivet i kommunen.
- Arbeide for å utvikle sterke næringsklynger med utgangspunkt i naturressursar, kapitalstyrke og kunnskap.

- Satse målretta på nyskaping og innovasjon i eksisterande næringsliv. Bevisst arbeid med knoppskyting, utvikling av og kommersialisering av nye produkt.
- Arbeide for samspel mellom tradisjonell industri og ny teknologi saman med vellukka netteværksbygging mellom aktørar i næringslivet.
- Mobilisere fleire til å drive med nyskaping gjennom relevant opplæring og ved å skape positive rollemodellar av aktørar som lukkast.
- Utvikle entreprenørskapshaldningar blant born og unge.



«Eit samordna offentleg tenestetilbod»

# 5. Infrastruktur

## 5.1 Ståstad

Ein grunnleggjande føresetnad for å legge til rette for utvikling av næringslivet i regionen er ein god og funksjonell offentleg infrastruktur. Bremanger er geografisk ein stor kommune med dårlig utbygd infrastruktur og det same er tilfelle for nabokommunane.

Fleire sentrale vegparti i Bremanger har eit omfattande behov for vedlikehald. Trygg og framkommelig veg er viktig både for dei som brukar vegen i dag og for at kommunen skal vere attraktiv for tilflytting. Næringslivet definerer ferdigstilling av «Kystvegen» som eit av dei viktigaste tiltaka for å auke lokal verdiskaping og konkurransevne ved at bedriftene får reduserte kostnader og tilgang på ein større marknad.

Arbeidsmarknadsintegrasjon seier noko om størrelse og utstrekning på området sin funksjonelle bu- og arbeidsmarknad, samt området sine muligheter til å dra nytte av utviklinga i eventuelle vekstområder regionalt. Tendensen til dei fleste kommunar er at talet på pendlarar aukar. Bremanger er i dag relativt lite integrert med arbeidsmarknaden i nabokommunane. Utbetring av kollektivt transporttilbod kan vere nøkkelen til å auke arbeidsmarknadsintegrasjonen i regionen. Vekst i nabokommunane vil då gje grunnlag for fleire busette også i eigen kommune. Næringslivet ser behov for eit utbetra tilbod for kollektiv pendling- og godstransport på veg og sjø for å auke tilgangen til kunnskap, varer og tenester.

Det er også eit stort behov for utvikling av nye næringsareal og utbetring av mobil- og internettkapasiteten i delar av kommunen.

## 5.2 Mål

«Bygge ein framtidsretta infrastruktur for å sikre næringsutvikling i Bremanger».

## 5.3 Strategiske grep

1. Bidra til å auke kommunen sin funksjonelle bu- og arbeidsmarknad.
2. Arbeide for regional utbetring av vegnettet og betre kommunikasjon mot nord og sør.
3. Legge til rette for tilgang på fiber og telekommunikasjon med høg kapasitet.
4. Utvikle framtidsretta næringsareal med tilhøyrande infrastruktur i samarbeid med næringslivet.
5. Skape vekst gjennom aktiv og kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune.

### 1. Bidra til å auke området sin funksjonelle bu- og arbeidsmarknad.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Arbeide for heilskapleg samfunnsplanlegging- og utbygging av samferdsle og infrastruktur
- Arbeide for utbetring av pendlar- og godstransport på veg og sjø.

### 2. Arbeide for regional utbetring av vegnettet og betre kommunikasjon mot nord og sør.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Søke samarbeid med alliansepartnarar regionalt for å byggje framtidsretta infrastrukturtilslutningar på Vestlandet.
- Sterkare involvering i anbudsprosessane på tvers av kommunegrensene.

### 3. Legge til rette for tilgang på fiber og telekommunikasjon med høg kapasitet.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Arbeid med utbetring av internettkapasitet er sett i gang fleire stadar i kommunen. Vurdere behov for utvikling av resterande områder.

### 4. Utvikle framtidretta næringsareal med tilhøyrande infrastruktur i samarbeid med næringslivet.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar og legge til rette for auka kapasitet for næringsareal med tilhøyrande infrastruktur.
- Sikre at den samordna areal- og transportplanlegginga tek tilstrekkelig omsyn til ei framtidretta næringsarealutvikling både på land og sjø.
- Kommunisere tilgang til næringsareal- og lokale på kort og lang sikt.
- Legge til rette for veksthus for kreative næringar i kommunen.

### 5. Skape vekst gjennom aktiv og kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Prioritere maritim infrastruktur for lokal og regional næringsutvikling.
- Være ein pådrivar, støttespelar og koordinator for satsing på infrastruktur, i tilknytning til maritime næringar i Bremanger kommune sitt sjøområde.
- Legge til rette for effektive næringsareal og transportsystem i tilknytning til Bremanger kommune sitt sjøområde for å sikre

lokal konkurransekraft og for å tiltrekke seg meir aktivitet i tilknytning til transport på sjø.

- Ivareta dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene Bremanger kommune er tillagt etter Lov om hamner og farvatn, og avgjersler gitt i medhald av denne lova.
- For nærare konkretisering av strategi for Bremanger kommune sitt sjøområde syner vi til eigen strategiplan for Bremanger Hamn.



Foto: Bremanger Turistinformasjon

*«Kommunen skal opptre aktivt i si rolle som pådrivar  
ovanfor aktuelle aktørar og myndigheiter»*



# 6. Kompetanse og utdanning

## 6.1 Ståstad

Rask kunnskaps- og teknologiutvikling og aukande internasjonal konkurranse bidreg til høgare omstillingstakt i næringslivet. For bedriftene vil kunnskap og kompetanse bli ein stadig viktigare innsatsfaktor for nyskaping, konkurransevne og verdiskaping.

For å kunne støtte ny næringsutvikling, må bedriftene ta eksisterande kunnskap og kompetanse i bruk og kombinere den på nye måtar. Eit sentralt element i aktivt å imøtekomme endra krav frå omgivnadane er å arbeide med kontinuerlig oppdatering og utvikling av kompetansen til arbeidstakarane. Etter- og vidareutdanning av arbeidstakarar med ikkje etterspurt eller forelda kompetanse er viktig for å stimulere til høgare avkastning av arbeidskrafta og auka konkurransevne.

Det er behov for tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv, mellom anna når det gjeld synliggjing av muligheiter, lærlingplassar og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

Bremanger kommune har hatt ein betydeleg auke i tilflytting frå andre land dei siste åra. Innvandrarar må sikrast god integrasjon, og deira kompetanse må takast i bruk i arbeidsmarknaden så raskt som mogeleg.

Auka kompetanse vil skape muligheiter for vekst i bedriftene, og betre tilpassa offentlige tenester for innbyggjarar og næringsliv.

## 6.2 Mål

«Styrke og utvikle næringslivet sin tilgang på relevant kompetanse»

## 6.3 Strategiske grep

1. Legge til rette for auka samarbeid mellom skule og næringsliv.
2. Etablere samarbeid med relevante utdanningsmiljø for å legge til rette for etter- og vidareutdanning.
3. Legge til rette for utvikling av eksisterande verksemder i kommunen og at det er interessant for nye selskap å etablere seg.
4. Bremanger kommune skal bidra til etablering av kompetansenæringar.

### 1. Legge til rette for auka samarbeid mellom skule og næringsliv

Strategien blir gjennomført ved å:

- Arbeide for at vidaregåande opplæring i regionen i størst mulig grad kan oppfylle næringslivet sitt behov for ulike kompetanse, særskilt innan yrkesorienterte fag.
- Legge til rette for treffpunkt mellom elevar/studentar og bedrifter i kommunen med formål å synleggjere muligheiter og behov i næringslivet.
- Bidra til samarbeid mellom skule og bedrifter for å sikre tilgang på relevante lærlingplassar.
- Bevisst satsing på entreprenørskap i ungdomsskulen for å sikre utvikling av ein nyskapande kultur.

### 2. Etablere samarbeid med relevante utdanningsmiljø for å legge til rette for etter- og vidareutdanning

Strategien blir gjennomført ved å:

- Legge til rette for ein meir fleksibel arbeidsmarknad ved å sjå på muligheiter for å gi tilbod om etter- og vidareutdanning til arbeidstakarar som har behov for ny kompetanse.

- Bidra med å legge til rette for relevante kurs og seminar for næringslivet for å auke kompetanse og nettverk.

### 3. Legge til rette for utvikling av eksisterande verksemder i kommunen og at det er interessant for nye selskap å etablere seg

Strategien blir gjennomført ved å:

- Bidra til å formidle kunnskap om innovasjon og nytenking til næringslivet.
- Fokuserer på å identifisere synergjar og muligheiter for samarbeid mellom verksemder og knoppskyting i randsona av eksisterande verksemder.
- Vurdere deltaking i regionale utviklingsprogram for å utvikle tilgang til nye markadar.
- Bidra til å etablere prosjektbedrifter-/ organisasjonar som koordinerer tverrfaglige leveransar.
- Arbeide for å utvikle sterke næringsklynger for prioriterte næringer i kommunen
- Etablere leverandørutviklingsprogram, med fokus på tilbudsprosess, kvalifisering og kontraktar, ifbm. offentlege leveransar.
- Bli flinkare til å ta i bruk kunnskap og kompetanse på tvers av næringer i kommunen.

### 4. Bremanger kommune skal bidra til etablering av kompetansenæringer

Strategien blir gjennomført ved å:

- Stimulere til utvikling av felles kompetanse- og læringsarenaer i lokalsamfunnet ved å bidra til å etablere Nærings-HUB/næringsssenter for kunnskapsintensive små bedrifter
- Overvake og analysere næringslivet sitt kompetansebehov med særleg vekt på å forstå utfordringar innan prioriterte næringer.

- Legge til rette for utbyggjarar og entreprenørar



Foto: Svern Petter Kjerpeset

# 7. Attraktiv bu- og besøkskommune

## 7.1 Ståstad

Eit godt lokalsamfunn vert skapt gjennom medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Eit av dei viktigaste bidraga til næringsutvikling er at kommunen er konkurransedyktig som bustad for eksisterande og potensielle innbyggjarar. Attraktiv bu-kommune skapast gjennom gode bustadområder, god tilgang til offentleg kommunikasjon og offentlege tilbod av høg kvalitet. I tillegg er oppvekstvilkår for born og unge ein viktig suksessfaktor for samfunnet.

Bremanger kommune har som mål at alle innbyggjarar kan disponere eigen bustad, anten ved å leige eller eige. Ei utfordring her er å få til varierte bustadar i størrelse og pris i heile kommunen.

Bremanger er i dag lite integrert i arbeidsmarknaden hjå nabokommunane som følge av avgrensa muligheiter for pendling. Ei tettare integrering med nabokommunane kan gje muligheiter for vekst i regionen. Kommunen vil saman med næringslivet også i framtida vere ein aktiv pådrivar for å styrke og legge til rette for betre kommunikasjon og samferdsle, lokalt og regionalt.

Reiselivsnæringa er i vekst og har ein positiv påverknad for utvikling av lokalsamfunnet og marknadsføring av kommunen. Kulturlivet er saman med idretten den viktigaste fellesarenaen i Bremanger-samfunnet, og eit aktivt kulturliv er eit viktig bidrag for utvikling av kommunen- og regionen.

## 7.2 Mål

«Bremanger skal vere ein attraktiv bu- og besøkskommune».

## 7.3 Strategiske grep

1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.
2. Legge til rette for vidareutvikling av Bremanger kommune sine kvalitetar som ein attraktiv kommune å besøke.

### 1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Bidra til å skape ein attraktiv bustadmarknad i kommunen.
- Bremanger skal vere ein god kommune å vekse opp i.
- Bremanger skal alltid kunne tilby barnehageplass og ha moderne skular med eit dokumentert godt læringsmiljø.
- Behalde desentralisert skule- og barnehagestruktur.
- Ha eit variert kulturtilbod av høg nasjonal standard.
- Planlegge for eit tydeleg kommunesenter i Svelgen.
- Tett dialog med grendeutviklingslag, frivillige lag og organisasjonar.
- Legge til rette for utvikling av handelstilbod, kafear og andre sosiale møteplassar.

### 2. Legge til rette for vidareutvikling av Bremanger kommune sine kvalitetar som ein attraktiv kommune å besøke.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Vidareutvikle besøksområder og besøksaktivitetar som festivalar og arrangement.
- Vidareutvikle aktivitetsbasert reiseliv omkring etablerte destinasjonar.
- Utbetring av infrastruktur omkring attraktivitetar og friluftsliv i kommunen.

# 8. Organisering av næringsapparatet

## 8.1 Ståstad

Bremanger Hamn og Næring blei avvikla i desember 2012, og personell og arbeidsoppgåver vart overført til kommuneadministrasjonen. Hamnedelen blei overført til teknisk etat. Eit av måla med ny strategiplan 2015-2020 vil difor vere å gi rammer for ny organisering av næringsapparatet.

Næringsapparatet har i dag ein fast tilsett næringskonsulent med definert rolle mot næring, som omfattar rettleiing i høve etablering av ny næring, bistand og rettleiing til nye prosjekt, samt informasjon og rettleiing omkring regionalt/nasjonalt støtteapparat. I tillegg har næringskonsulenten ei sentral rolle i utviklingsaktivitetar og drift av turistinformasjon i kommunen. Næringsapparatet i kommunen har i tillegg eit forvaltningsansvar for rekruttering. Det er tilsett ein tilflyttingskonsulent som arbeider med rekruttering til kommunen frå inn- og utland med hovudvekt på Nederland.

Kommunen har eit kraftfond som vert nytta som eit verkemiddel for å styrke lokalt næringsliv og busetting. Kraftfondet gir ei årleg overføring i størrelseorden ca. Mnok. 5.

Tydeleg og klar organisering av næringsaktiviteten i kommunen er sentralt for å lukkast med næringsutvikling. Bremanger kommune ser no på ei ny organisering med etablering av ei Samfunnsavdeling i kommunen, som mellom anna vil omfatte næringsavdelinga. Organisering som samfunnsavdeling vil fremme tverrfagleg

samhandling mellom ulike fagområder i kommunen, næringsliv og politikarar.

Næringslivet i kommunen er samla i ein felles interesseorganisasjon, Bremanger Næringsråd. Aktiviteten i organisasjonen er tatt opp igjen siste åra og peikar seg ut som den samlande interesseorganisasjon til det private næringslivet som kommunen naturleg kan samarbeide med. I tillegg vil kommunen styrke samarbeidet med nærliggande kommunar og Fylkeskommunen med formål å skape arenaer der næringslivet kan treffast og få moglegheit til å utvikle seg.

Næringsapparatet vil framover legge meir vekt på profilering og synleggjering av næringsapparatet sine oppgåver, fokusområder og gjennomførte tiltak.

## 8.2 Mål

*«Synlig næringsapparat med tydelig definerte oppgåver og fokusområder som er kjent for næringsaktørane»*

## 8.3 Strategiske grep

1. Fastsette handlingsplan for næringsapparatet.
2. Etablere ei klar organisering, med rett kompetanse og tydeleg leiar.
3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og formidle kunnskap om mulige verkemidlar.
4. Etablere rutinar for regelmessig rapportering og evaluering av næringsarbeidet.

### 1. Fastsette handlingsplan for næringsapparatet

Strategien blir gjennomført ved å:

- Etablere ei samfunnsavdeling i kommunen, som mellom anna vil omfatte næringsavdelinga.
- Opprette ei leiargruppe med representantar frå alle områda i samfunnsavdelinga. Vektlegge tverrfagleg samarbeid.
- Tett dialog med andre avdelingar i kommunen, som oppvekst, pleie og omsorg.
- Utarbeide årsplan med basis i planlagde aktivitetar for næringsarbeidet.

### 2. Etablere ei klar organisering, med rett kompetanse og tydelig leiar.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Styrke næringsavdelinga med auka ressursar og kompetanse.
- Etablere ein samarbeidsmodell mellom kommunen og Bremanger Næringsråd.
- Bidra til å etablere møteplassar og samarbeide med nærliggande næringsorganisasjonar om å styrke og utvikle eigen kompetanse og etablere regionalt samarbeid der det er naturleg.
- Ha kunnskap om eksterne kompetansemiljø slik at desse kan trekkast inn i aktuelle prosjekt.

### 3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og formidle kunnskap om mulige verkemidlar.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Profilere tilbud og skape eit godt omdømme på kva næringsapparatet kan hjelpe med i førstelinjetenesta til kommunen.

- Arbeidsoppgåver vil typisk vere førstelinjeteneste, som rettleiing til alle grundarar og nyetablerarar. I tillegg vil det bli lagt vekt på bistand til lokalt næringsliv med kunnskap om aktuelle verkemiddel og ordningar med tilskot, lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Næringsapparatet vil søke å vere kjent med utviklingstrekk i lokalt næringsliv
- Vurdere å legge administrasjon av næringsfondet under næringsapparatet innan definerte rammer og internkontroll.
- Bistå Bremanger kommune i næringsretta utviklingsarbeid, som å delta som prosjektleiarar eller koordinere bedriftsutviklingsprosjekt.
- Representere næringslivet i Bremanger.

### 4. Etablere rutinar for regelmessig rapportering og evaluering av næringsarbeidet.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Etablere rutine for regelmessig rapportering til Formannskap og Kommunestyre.
- Etablere rutine for årleg rullering av tiltaksplan.
- Etablere rutine og prosesser for evaluering og måling av nytte av tiltak som er sett i verk.

# 9. Omdømme, marknadsføring og rekruttering

## 9.1 Ståstad

Ein stads kvalitetar er ein kombinasjon av naturgjevne føresetnadar og menneskeskapt utvikling. Framtidas vinnarar i konkurransen om innbyggjarar og næringsliv er dei kommunane og regionane som evnar å skape utvikling, vert opplevd som attraktive og i tillegg klarar å synleggjere kvalitetane på ein god måte.

Kommunar som har eit godt og realistisk omdømme står betre rusta i kampen om ressursar, menneske og arbeidsplassar. Den beste garantien for å skape eit positivt omdømme er stolte og nøgde innbyggjarar og næringsdrivande.

Bustads- og næringsutviklinga i kommunen må sjåast i samanheng med resten av regionen. For å sikre tilflytting er det viktig å kunne tilby relevante arbeidsplassar innan akseptabel reisetid.

Marknadsføring og profilering av kommunen krev ein langsiktig strategi. Målet er å vise fram ein attraktiv kommune for eksterne arbeidssøklarar, samt å auke talet på arbeidsplassar og nyetableringar. Bremanger kommune vil i samarbeid med næringslivet bidra til å synleggjere og profilere mangfaldet av arbeidsplassar og kva muligheiter som eksisterer.

## 9.2 Mål

«Bremanger kommune skal vere dynamisk, inkluderande og ha eit rikt og godt omdømme».

## 9.3 Strategiske grep

1. Synleggjere og profilere dei viktigaste næringane i kommunen lokalt, regionalt og nasjonalt.
2. Synleggjere at Bremanger kommune er ein god stad å arbeide, leve og bu med eit mangfald av opplevingar- og kulturtilbod.
3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar.

### 1. Synleggjere og profilere dei viktigaste næringane i kommunen lokalt, regionalt og nasjonalt.

Strategien gjennomførast ved å:

- Bygge kunnskap og forståing lokalt om næringslivet og kompetansen i kommunen og kva for muligheiter som eksisterer.
- Samordna profilering og marknadsføring av dei viktigaste næringane i kommunen, vise kva vi er gode på.
- Marknadsføre attraktive arbeidsplassar og lokale merkenamn.

### 2. Synleggjere at Bremanger kommune er ein god stad å arbeide, leve og bu med eit mangfald av opplevingar- og kulturtilbod.

Strategien blir gjennomført ved å:

- Synleggjere kommunen sine attraktive fortrinn og kva for tilbod som finst i kommunen i dag.
- Bli flinkare til å ta i bruk heile kommunen sin kunnskap og kompetanse på tvers av næringar.
- Arbeide for å få gode ambassadørar i kommunen.

- Føre grendene saman om felles tiltak som kan vere med og bidra til felles opplevingar og samhald.
- Initiere aktivitetar og arrangement som er med og forsterkar Bremanger sin identitet, med ein intensjon om å bli noko etablert og varig.

### 3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar

Strategien blir gjennomført ved å:

- Kartlegge næringslivet og kommunen sitt behov for kompetanse og sette i verk målretta tiltak for å auka tilbodet av relevant arbeidskraft.
- Integrering og inkludering av nye innbyggjarar i lokalsamfunnet og arbeidslivet.



Foto: Bremanger Turistinformasjon

# 10. Sentrale næringer

## 10.1 Ståstad

Bremanger kommune er rik på naturressursar, som fisk, kraft og mineralar, næringslivet i kommunen er retta mot desse naturressursane.

Industrien er viktigaste næring, med Elkem Bremanger i Svelgen som viktig hjørnesteinbedrift. I ytre Bremanger er fiskeri ei sentral næring med Pelagia (Norway Pelagic – Kalvåg) som viktig hjørnesteinbedrift.

Vidare er Bremanger ein kraftkommune og frie kraftinntekter gjev store økonomiske bidrag til kommunen.

Dei store hjørnesteinbedriftene har eksternt eigarskap og store avgjersler vert ofte teke utanfor kommunegrensene. Dette medfører at kommunen har begrensa mulighet til å påverke utviklinga i desse bedriftene.

Elles består næringslivet i kommunen av ei rekke små bedrifter.

## 10.2 Sentrale næringer

Følgande næringer er definert som sentrale næringer i Bremanger:

- Fiskeri og havbruk
- Industri og leverandørbedrifter
- Fornybar energi
- Reiseliv, oppleving og kultur
- Landbruk og skogbruk

## 10.3 Fiskeri og havbruk

Anslag viser at ein i marine næringer forventar ei seksdobling av verdiskapinga dei neste 30 – 40 åra. I 2010 var omsetninga til marin industri estimert til å vere 90 Mrd. Nok. I 2050 kan dette talet bikke 550 Mrd. Nok. Dette er ei vekstnæring som kystkommunane i fylket vårt har mulighet til å vere ein del av.

Bremanger kommune har komparative fortrinn innan næringa gjennom historikk og nærleik til fangstfelt. Vidare satsing på utvikling av næringa gjennom tilrettelegging av hamner, kaier og areal for leverandørindustrien vil bygge oppunder eksisterande industri og gi muligheter for framtidig vekst.

Kommunen har store områder for utøving av havbruksverksemd. Tilrettelegging for slik næring gjennom regulering av akvakulturareal gir muligheter for auka næringsaktivitet i kommunen.



Foto: Havstjerna



## 10.4 Industri og leverandørbedrifter

Hjørnesteinsbedrifta Elkem Bremanger har nærare 200 tilsette. Bedrifta har eit stort mangfald innan ulike fagfelt gjennom heile verdikjeda. Dette gjer at Elkem Bremanger har behov for kompetanse innan ei rekke fagfelt, som kjemi-/prosess, logistikk og IT for å nemne nokre. Bedrifta har til ein kvar tid ca. 10 lærlingar i arbeid, i tillegg sysselset dei ca. 50 ferievikarar årleg. Det er i hovudsak lokal ungdom som vert engasjert som vikarar. Ein synergi av dette er at lærlingane og vikarane blir kjende med bedrifta og kva muligheiter som finst.

Elkem Bremanger har mange underleverandørar lokalt som sit på variert og høg kompetanse. Mange ser muligheiter til å satse på vidareutvikling av tenesteområder og leveransar til smelteverket og utvikling av «spinn-off» næringar knytt til verket sine innsatsområde og kompetansefelt. Det er eit potensiale i å utnytte energi gjennom varmegjenvinning frå prosessvatn.



Foto: Elkem Bremanger

## 10.5 Fornybar energi

Fornybar energi kan ha eit stort potensiale for utvikling, både innan vatn, vind, miljøvarme og bølgekraft. Næringa har i dag lukkast med å etablere eit sterkt kompetansmiljø innan kraftproduksjon lokalt som kan legge grunnlag for å drive fram nye prosjekt og satsingar.

Bremanger har føresetnader og muligheiter for fornybar energi i form av både vass, vind og bølge- kraft. Bremanger er allereie godt i gang med si satsing på fornybar energi med tanke på Elkem Bremanger sitt nærvarmeanlegg og dei mange kraftverka i kommunen.

Ny 420 kV Kraftlinje mellom Ørskog og Sogndal vil forsterke strømmettet i regionen og kan gje nye muligheiter for næringa.

Sogn og Fjordane Energi har store anlegg i kommunen og fleire av desse er gamle og har behov for betydelig vedlikehald og fornying.



## 10.6 Reiseliv, oppleving og kultur

Reiselivsnæringa i Bremanger har eit sterkt fotfeste i ytre del av kommunen. Knutholmen i Kalvåg er største aktør innan reiselivsnæringa og står fram som ei sterk merkevare regionalt og nasjonalt.

Bremanger har eit unikt føremon i eit mangfald av aktive natur- og kulturopplevingar som ein kan bygge vidare på for å utvikle nye og spanande produkt.

Vidareutvikling og profilering av aktivitetsbasert reiseliv omkring etablerte destinasjonar, som Knutholmen, vil styrke næringa ytterlegare.



## 10.7 Landbruk og skogbruk

Jordbruket er viktig for å oppretthalde busetting og kulturlandskapet i kommunen. Kommunen kan drive ein aktiv busettingspolitikk ved å bidra til omsetnad av småbruk og etablering av bustadtomter utanfor bustadfelt. Slik kan familiar med ønske om busetting i nærleik til natur og sjø får muligheit til dette.

Gjennom ein slik busettingspolitikk kan kommunen sikre bevaring av kulturlandskapet og etablering av nye næringar innan landbruket.

## 10.8 Andre næringar

Sentrale næringar gir ringverknader til andre næringar i kommunen som for eksempel varehandel, servicenæringar, bygg og anlegg og maritime næringar, som tenar på at dei sentrale næringane veks og utviklar seg.

Vekst og utvikling i sentrale næringar vil difor vere svært viktig også for dei andre næringane i kommunen.

# 11. Handlingsplanar

## 11.1 Langsiktig handlingsplan 2015- 2020

ID	Fokusområde	Strategi	Aktivitetar
1	Næringsvennleg kommune	1. Kartlegge behova i næringslivet for offentlege tenester og utvikle tenestetilbod i samråd med dette.	1.1 Kartlegge og vidareutvikle offentlege tenester - Foreta ei nærmare vurdering av behova i næringslivet for offentlege tenester sett i forhold til dagens tilbod. Vurdere å sette i verk tiltak for vidareutvikling av offentlege tenester. - Dialog med Bremanger Næringsråd - Samordne offentleg tenestetilbod på tvers av funksjonar i kommunen slik at kommunen framkjem som einsarta, tilgjengelig og effektiv ovanfor sentrale brukarar av tenestene.
2	Næringsvennleg kommune	2. Langsiktig utvikling av infrastruktur, som samferdsle, kommunikasjon og næringsareal.	Sjå tiltak under infrastruktur.
3	Næringsvennleg kommune	3. Legge til rette for at lokalt næringsliv kan delta i offentlege leveransar.	3.1 Gjennomgang av gjeldande regelverk for offentlege anskaffingar - Auke kompetansen om regelverket, formelle krav og moglegheiter for tilsette i kommunen. - Auke kompetansen om regelverket, formelle krav og moglegheiter for den lokale leverandørindustrien. - Dialogmøte mellom leverandørindustrien og kommunen for å finne hensiktsmessige modellar for samhandling i ein fungerande marknad innanfor gjeldande regelverk. Dette forutset at næringslivet er proaktive.
4	Næringsvennleg kommune	4. Jobbe saman for gode rammevilkår for næringslivet.	4.1 Vidareutvikle, saman med nabokommunane og næringslivet i regionen, påverknad og lobbyeringsarbeidet overfor sentrale beslutningsmiljø.

ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
5	Næringsvennleg kommune	4. Jobbe saman for gode rammevilkår for næringslivet.	4.2 Faste møtepunkt og god dialog mellom kommunen og sentrale bedrifter som sysselset mange arbeidstakarar og formidlar arbeid til ei rekke leverandørbedrifter lokalt.
6	Næringsvennleg kommune	5. Skape betre føresetnader for lønsemd, bærekraftig vekst og næringsutvikling for nye etablerarar og eksisterande næringsliv i Bremanger	5.1 Bidra til å etablere SMB Leverandørutviklingsprosjekt for å skape miljø for samarbeid mellom lokale verksemdar, slik at dei oppnår konkurransefortrinn framfor større nasjonale/regionale aktørar.
7	Næringsvennlig kommune	5. Skape betre føresetnader for lønsemd, bærekraftig vekst og næringsutvikling for nye etablerarar og eksisterande næringsliv i Bremanger	5.2 Bidra til å etablere SMB Bedriftsutviklingsprosjekt med formål å utvikle og konkretisere kommersialiseringsstrategiar til bedriftene.
8	Næringsvennlig kommune	5. Skape betre føresetnader for lønsemd, bærekraftig vekst og næringsutvikling for nye etablerarar og eksisterande næringsliv i Bremanger	5.3 Bidra til å utvikle Bremanger Næringsråd til å vere næringslivet sin primære fora, etablere ein samarbeidsmodell mellom kommunen og Bremanger Næringsråd, for eksempel ved å delta i finansiering av sekretariat i BNR.
9	Infrastruktur	1. Bidra til å auke kommunen sin funksjonelle bu- og arbeidsmarknad.	1.1 Kartlegge behov for nye samferdsleløyisingar med formål å legge til rette for pendling og tilflytting. - Vere ein pådrivar, i samhandling med næringslivet, for å styrke og legge til rette for kommunikasjon og samferdsle, som veg, båtruter, flyruter, mobildekning og fiber. - Beskrive konsekvensane av manglande koordinering mellom ulike transportmiddel. - Regionalt samarbeid omkring effektive pendlarruter. Eks. sjå på båtruter på kysten heilt på nytt. Koordinere rutetider mellom båt, buss, ferje og fly. - Arbeide for harmonisering av anbodsreglar, anbod må ivareta regionale omsyn. - Legge press på anbodsprosessane. Tett dialog med Fylkeskommunen.
10	Infrastruktur	1. Bidra til å auke området sin funksjonelle bu- og arbeidsmarknad.	1.2 Vurdere kommunal subsidiering av nye effektive båtruter, Smørhamn-Florø.

ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
11	Infrastruktur	2. Arbeide for regional utbetring av vegnettet og betre kommunikasjon mot nord og sør.	2.1 Vurdere alternativ for finansiering og vedlikehald av FV 616, herunder rassikring og skogrydding. Kartlegge og gjennomføre dei tiltaka som er naudsynt å avklare før arbeidet vert sett i verk.
12	Infrastruktur	2. Arbeide for regional utbetring av vegnettet og betre kommunikasjon mot nord og sør.	2.2 Vidareutvikle og styrke samarbeidet i "Kystforum" og "Kystvegen" med formål å oppnå auka gjennomslagskraft for realisering av prioriterte næringsstruktur- og samferdsleprosjekt i regionen.
13	Infrastruktur	3. Legge til rette for tilgang på fiber og telekommunikasjon med høg kapasitet.	3.1 Arbeide med å få på plass fiber/breiband og mobildekning til alle delar av kommunen.
14	Infrastruktur	4. Utvikle framtidretta næringsareal med tilhøyrande infrastruktur i samarbeid med næringslivet.	4.1 Legge til rette for etablering av næringsklynger gjennom regulering og utvikling av framtidretta næringsareal.
15	Infrastruktur	4. Utvikle framtidretta næringsareal med tilhøyrande infrastruktur i samarbeid med næringslivet.	4.2 Prosjekt Nærings-HUB / Veksthus. Bidra gjennom avtaler med næringslivet til å etablere lokale Vesthus / Nærings-HUB for grundarar og pendlarar.
16	Infrastruktur	5. Skape vekst gjennom aktiv og kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune.	5.1 Sjå eigen strategiplan for Bremanger Hamn.
17	Kompetanse og utdanning	1. Legge til rette for auka samarbeid mellom skule og næringsliv	1.1 Kommunen skal legge til rette for tett dialog mellom næringsliv og skule, slik at elevar ser moglegheiter for yrkeskarriere i eigen kommune. - Tett dialog mellom næringsliv og vidaregåande skular. - Skular på besøk til næringslivet, 10. klasse blir orientert om jobbmoglegheiter/kompetansebehov. - Fokus på entreprenørskap og elevbedrifter.
18	Kompetanse og utdanning	1. Legge til rette for auka samarbeid mellom skule og næringsliv	1.2 Bidra til å etablere fleire lærling- og traineeplassar i kommunen.
19	Kompetanse og utdanning	2. Etablere samarbeid med relevante utdanningsmiljø for å legge til rette for etter- og vidareutdanning	2.1 Bidra til å arrangere relevante kurs og etterutdanning for arbeidstakarar i kommunen i samarbeid med sentrale bedrifter og/eller Bremanger Næringsråd med ønske om å auke kompetansen og knyte nettverk.

ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
20	Kompetanse og utdanning	3. Legge til rette for utvikling av eksisterande verksemder i kommunen og at det er interessant for nye selskap å etablere seg.	3.1 Sjå under næringsvennlig kommune og organisering av næringsapparat.
21	Kompetanse og utdanning	4. Bremanger kommune skal bidra til etablering av kompetansenæringar.	4.1 Sjå under næringsvennlig kommune, infrastruktur og organisering av næringsapparatet.
22	Attraktiv bu- og besøkskommune	1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.	1.1 Legge til rette for utbygging av attraktive bustadområder.
23	Attraktiv bu- og besøkskommune	1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.	1.2 Arbeide aktivt for å få busetjing på tomme småbruk. Kartlegge om nokon ønskjer å selje.
24	Attraktiv bu- og besøkskommune	1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.	1.3 Styrke dei offentlege «uteromma» i bygdene som arena for aktivitet og kultur. Tett dialog med lag og organisasjonar i høve kulturtilbod og fritidsaktivitetar. Trivselsbyggande tiltak.
25	Attraktiv bu- og besøkskommune	1. Arbeide for at Bremanger skal vere ein attraktiv bu-kommune.	1.4 Tett dialog med grendeutviklingslag. - Støtte, prosjektbasert, eks. kommunisere ledige bustadar, beredskap, vertskapsfunksjon/integrering av nye innbyggjarar
26	Attraktiv bu- og besøkskommune	2. Legge til rette for vidareutvikling av Bremanger kommune sine kvalitetar som ein attraktiv kommune å besøke.	2.1 Gjennomgå turistvertrolla, formidling av informasjon, ressursar og servicetilbod for besøkande.
27	Attraktiv bu- og besøkskommune	2. Legge til rette for vidareutvikling av Bremanger kommune sine kvalitetar som ein attraktiv kommune å besøke.	2.2 Produktutvikling innan natur- og kulturbaserte attraksjonar og opplevingar.
28	Attraktiv bu- og besøkskommune	2. Legge til rette for vidareutvikling av Bremanger kommune sine kvalitetar som ein attraktiv kommune å besøke.	2.3 Utbetring av fellesgodar som veg, parkeringsplassar, rasteplasser, benkar, toalett, skilting og offentlig kollektivtransport omkring attraktivitetar og turdestinasjonar i kommunen med særleg interesse for turistar og innbyggjarar.
29	Organisering av næringsapparatet	1. Fastsette handlingsplan for næringsapparatet.	1.1 Etablere ei samfunnsavdeling i kommunen, som mellom anna vil omfatte næringsavdelinga. - Etablere årshjul for møtestadar og dialog (eks. kultur, næring, plan og forvaltning, infrastruktur og oppvekst). - Næringsapparat med korte vegar for sakshandsaming.

ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
			Føringar/premissar lagt politisk. - Tenke langsiktige linjer.
30	Organisering av næringsapparatet	2. Etablere ei klar organisering, med rett kompetanse og tydelig leiar.	2.1 Definere roller og tilsette personar med ønska kvalifikasjonar i næringsapparatet. Rekruttere ein tydeleg leiar/driftssjef som skal ivareta eit overordna fokus på næring og vere eit tydelig kontaktpunkt for næringslivet.
31	Organisering av næringsapparatet	2. Etablere ei klar organisering, med rett kompetanse og tydelig leiar.	2.2 Næringsapparatet skal besøke og gjere seg kjent med bedriftsklynger og næringssselskap i regionen med formål å styrke og utvikle eigen kompetanse og etablere regionalt samarbeid der det er naturleg. Bidra til å knyte alliansar mellom bedriftene internt i kommunen og i regionen
32	Organisering av næringsapparatet	2. Etablere ei klar organisering, med rett kompetanse og tydelig leiar.	3.1 Bidra til å etablere møteplasser mellom næringsliv og kommune og B2B. Drive oppsøkande aktivitet mot næringslivet for å fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak. - Lage eit årshjul i høve aktivitetar/dialogmøter og arenaer som ein møtast på. - Næringskonferansar kan vere eit eksempel på ein aktivitet. - Dialogmøter om aktuelle tema som opptek næringslivet. - Bedriftsbesøk for å bli kjent med utfordringar og moglegheiter for kvar enkelt bedrift. - Tett dialog mellom det kommunale tenesteapparatet omkring næring, plan og forvaltning og næringslivet. - Ha eit realistisk tal aktivitetar og ha kvalitet på det ein vel å gjennomføre.
33	Organisering av næringsapparatet	3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak.	3.2 Profilere tilbod og skape god kunnskap til kva næringsapparatet kan bidra med, herunder førstelinjetenesta til kommunen og informasjon om verkemiddelapparat og relevante tilskotsordningar for bedriftene.
34	Organisering av næringsapparatet	3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak.	3.3 Legge administrasjon av næringsfondet under næringsapparatet innan definerte rammer og internkontroll. Administrasjon av næringsfondet inneber synleggjering, søknadshandsaming, utbetaling og rapportering frå fondet.

ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
35	Organisering av næringsapparatet	3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak.	3.4 Bistå næringslivet i prosjektretta utviklingsarbeid, for eksempel ved å delta som prosjektleiarar eller prosjektkoordinator.
36	Organisering av næringsapparatet	3. Etablere tett dialog med næringslivet for tidlig å kunne fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak.	3.5 Bistå næringslivet med å etablere kompetansegrupper/klynger/prosjekt der lokale verksemder har spesiell kompetanse og fortrinn, f.eks. fiskeri, industri, reiseliv og fornybar energi.
37	Organisering av næringsapparatet	4. Etablere rutinar for regelmessig rapportering og evaluering av næringsarbeidet.	4.1 Halvårleg rapportering til kommunestyret. Rullering av strategisk plan medio november kvart år. Budsjettgodkjenning i kommunestyre i desember kvart år. Rullering av Hamneregulativet i desember kvart år. Evaluering av ny organisering av næringsapparat innan desember 2015
38	Omdømme, marknadsføring og rekruttering	1. Synleggjere og profilere dei viktigaste næringane i kommunen regionalt og nasjonalt.	1.1 Etablere eit felles program for ei samordna profilering av kommune-næringsliv med formål å bygge kunnskap og forståing om næringslivet og kompetansen i kommunen og kva moglegheiter som eksisterer.
39	Omdømme, marknadsføring og rekruttering	2. Synleggjere at Bremanger kommune er ein god stad å arbeide, leve og bu med eit mangfaldig av opplevingar- og kulturtilbod.	2.1 Etablere strategi / årshjul for deltaking på messer, konferansar, møteplasser og andre relevante fora, for å synleggjere kommune og næringsliv.
40	Omdømme, marknadsføring og rekruttering	3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar	3.1 Etablere ein vertsskapsfunksjon for integrering og inkludering av nye innbyggjarar i kommunen. Utarbeide faste velkomstrutinar og velkomstpakke. Kartlegge kompetansen til dei som kjem.
41	Omdømme, marknadsføring og rekruttering	3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar	3.2 Målretta rekruttering av utflytta innbyggjarar, gjennom å bidra til å legge til rette for kopling av studentar mot næringsaktørane i kommunen. - Deltaking på karrieremesser / treffe ungdom der dei er (jfr. arr Bergen) - Systematisk oppdatering av utflytta innbyggjarar i form av nyhendebrev - Inkludere studentar som skriv bachelor- eller masteroppgåver i lokale utviklingsprosjekt, eks. tema i lokale bedrifter, arbeidsstasjon i veksthus mv.



ID	Fokusområde	Strategi	Aktiviteter
42	Omdømme, marknadføring og rekruttering	3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar	3.3 Vidareføre og utvikle satsing på rekruttering av utanlandske arbeidstakarar med familie.
43	Omdømme, marknadføring og rekruttering	3. Vidareutvikle arbeidet med rekruttering av nye innbyggjarar	3.4 Legge til rette for at ungdom kan få arbeidserfaring gjennom sommarjobb i kommunen.

## 11.2 Tiltaksplan 2015

ID	Fokusområde	Tiltak	Ansvarleg	Budsjett (Nok)
1	Næringsvennleg kommune	<p>1.1 Kartlegge og vidareutvikle offentlege tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføre ein forstudie der ein føretek ei nærmare vurdering av behova i næringslivet for offentlege tenester sett i høve til dagens tilbud og ser på muligheiter for forbetring av tilbud til næringslivet.</li> <li>- Kartlegginga skal gjennomførast i tett dialog med Bremanger Næringsråd.</li> <li>- Utarbeide prosjektplan og skrive søknad til Innovasjon Norge om finansiering av eit forprosjekt med formål å kartlegge forbetringstiltak i kommunen.</li> <li>- Forprosjektet skal også sjå nærmare på muligheit og effekt av å samordne offentleg tenestetilbod på tvers av funksjonar i kommunen for å betre servicegraden for næringslivet.</li> </ul>	Rådmann og BNR	Kr. 130.000,- Forstudie, formulere prosjektplan og søknad.
2	Næringsvennleg kommune	<p>1.2 Gjennomgang av gjeldande regelverk for offentlege anskaffingar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke kompetansen om regelverket, formelle krav og moglegheiter for tilsette i kommunen.</li> <li>- Auke kompetansen om regelverket, formelle krav og moglegheiter for den lokale leverandørindustrien.</li> <li>- Dialogmøte mellom leverandørindustrien og kommunen for å finne hensiktsmessige modellar for samhandling i ein fungerande marknad innanfor gjeldande regelverk. Dette forutset at næringslivet er proaktive.</li> </ul>	Rådmann og BNR	Kr. 100.000,-
3	Næringsvennleg kommune	<p>1.3 Bidra til å etablere SMB Leverandørutviklingsprosjekt for å skape miljø for samarbeid mellom lokale verksemdar, slik at dei oppnår konkurransefortrinn framfor større nasjonale/regionale aktørar.</p>	Rådmann og BNR	Kr. 250.000,- Forprosjekt

ID	Fokusområde	Tiltak	Ansvarleg	Budsjett (Nok)
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere forprosjekt i 1. kvartal 2015 for å konkretisere prosjektet.</li> <li>- Prosjekt i samarbeid med Bremanger Næringsråd</li> <li>- Dialog omkring prioritering av bedrifter, ønsker og behov.</li> <li>- Prosjektet vil eksepelvis sjå på muligheiter for innkjøpssamarbeid, leveransesamarbeid og prosjektsamarbeid på tvers av bedrifter.</li> <li>- Starte hovudprosjekt 2. halvår 2015, under føresetnad om positiv anbefaling frå forprosjekt.</li> </ul>		Kr. 1.000.000 Hovudprosjekt
4	Næringsvennleg kommune	1.4 Bidra til å etablere SMB Bedriftsutviklingsprosjekt med formål å utvikle og konkretisere kommersialiseringsstrategiar til bedriftene innan utvalde næringar. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføre forstudie 2. halvår 2015.</li> <li>- Prosjekt i samarbeid med Bremanger Næringsråd.</li> <li>- Forstudien vil definere utvalde næringar, alternativ og muligheitsområder som grunnlag for prioritering.</li> <li>- Dialog omkring prioritering av bedrifter, ønsker og behov.</li> <li>- Avklare tidshorisont / fasar for prosjektet</li> <li>- Starte hovudprosjekt i 2016, under føresetnad om positiv anbefaling etter gjennomført forprosjekt.</li> </ul>	Rådmann og BNR	Kr. 150.000,- Forstudie
5	Næringsvennleg kommune	1.5 Bidra til å utvikle Bremanger Næringsråd til å vere næringslivet sitt primære fora. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Finansiering av 20 % sekretariatfunksjon i BNR med formål å skape meir aktivitet og felles møteplassar næringsliv-næringsliv og kommune-næringsliv</li> </ul>	Rådmann	Dekka av andre postar
6	Infrastruktur	2.1 Regionalt samarbeid omkring båtruter sørover. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bremanger kommune vil vidareføre aktiv deltaking i Kystforum.</li> <li>- Sjå på logistikken på sjøen heilt på nytt. Dette kan utgreiast som eit samarbeidsprosjekt mellom kystkommunane.</li> <li>- Kystforum vil kartlegge heilt nytt reisemønster, arbeidsrute Askvoll-Lutelandet-Florø og Smørhamn-Florø.</li> </ul>	Ordførar og BNR	Ordinært budsjett kommunen.
7	Infrastruktur	2.2 Vurdere kommunal subsidiering av nye effektive båtruter, Smørhamn-Florø.	Ordførar	Ordinært budsjett, kommunen.
8	Infrastruktur	2.3 Vurdere alternativ for finansiering og vedlikehald av FV 616, strekning Kalvåg-Oldeide, herunder rassikring og skogrydding. Kartlegge og gjennomføre dei tiltaka som er naudsynt å avklare før arbeidet vert sett i verk.	Ordførar	Ordinært budsjett, kommunen.

ID	Fokusområde	Tiltak	Ansvarleg	Budsjett (Nok)
9	Infrastruktur	2.4 Vedlikehald av FV 616, strekning Kalvåg-Oldeide, opprusting av dei mest utsette vegpartia. - 3 etappar, Kalvåg-Oldeide - Spleiselag kommune og privat næringsliv - Budsjett basert på anslag pris, Gunnar Ytrehus	Rådmann	Kr. 6.500.000,- (ordinært budsjett kommunen / privat næringsliv)
10	Infrastruktur	2.5 Arbeide med å få på plass fiber/breiband og mobildekning til alle delar av kommunen. - Fiberkapasitet til Kalvåg i 2014/2015 - Fiberkapasitet i den sentrale delen av Bremangerlandet, rundt området Hauge, vil bli prioritert i 2015. Sikre fiberkapasitet til utdanningsinstitusjon. - Kommunen vil arbeide for at fleire i Svelgen-området skal få breibanddekning.	Rådmann	Kr. 500.000,-
11	Infrastruktur	2.6 Utbetring av tilkomst Fiskerihamna på Kalvøya - Ferdigstille forprosjekt og prosjektering ila. 2015 i samarbeid med Bremanger Næringsråd.	Rådmann, BNR	Eige budsjett, Bremanger kommune.
12	Infrastruktur	2.7 Skape vekst gjennom aktiv og kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune. - Viser til Strategisk plan for Bremanger Hamn for konkrete tiltak i 2015.	Rådmann	
13	Kompetanse og utdanning	3.1 Kommunen skal, i samarbeid med Bremanger Næringsråd, legge til rette for tett dialog mellom skule og næringsliv - Bidra som teknisk arrangør av «Næringslivsdag» for ungdomsskulen, der elevane vert orientert om jobbmulegheiter og kompetansebehov i lokale bedrifter.	Rådmann, Næringssjef, BNR	Kr. 30.000,-
14	Kompetanse og utdanning	3.2 Bidra til å etablere fleire lærlingplassar i kommunen - Tema for kveldssamling i regi av kommunen / Bremanger Næringsråd - Lærlingplassar, kurs/opplæring i regelverk, samarbeid Opplæringskontoret	Rådmann, Næringssjef, BNR	Kr. 30.000,-
15	Organisering av næringsapparat	Rekruttere leiar av næringsarbeidet. -Definere rolle og tilsette person med ønska kvalifikasjonar.	Rådmann	Kr. 50.000,-
16	Organisering av næringsapparatet	Tilsette leiar av næringsarbeidet. Estimert årleg kostnad.	Rådmann	Kr. 950.000,-
17	Organisering av næringsapparatet	Bidra til å etablere møteplassar mellom næringsliv, kommune og B2B. Drive oppsøkande aktivitet mot næringslivet for å fange opp behov og legge til rette for målretta tiltak. - Lage eit årshjul i høve aktivitetar/dialogmøter og arenaer som ein møtast på.	Rådmann, Næringssjef, BNR	Kr. 200.000,-

ID	Fokusområde	Tiltak	Ansvarleg	Budsjett (Nok)
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Næringskonferansar kan vere eit eksempel på ein aktivitet.</li> <li>- Dialogmøter om aktuelle tema som opptek næringslivet.</li> <li>- Bedriftsbesøk for å bli kjent med utfordringar og moglegheiter for kvar enkelt bedrift.</li> <li>- Tett dialog mellom det kommunale tenesteapparatet omkring næring, plan og forvaltning og næringslivet.</li> <li>- Ha eit realistisk tal aktivitetar og ha kvalitet på det ein vel å gjennomføre.</li> </ul> <p>Budsjetterte kostander for aktivitetar/arrangement inkl. reisekostnader for tilsette i Næringsavdelinga.</p>		
18	Organisering av næringsapparatet	<p>Profilere tilbud og skape god kunnskap om kva næringsapparatet kan bidra med, herunder førstelinjetenesta til kommunen og informasjon om verkemiddelapparat og relevante tilskotsordningar for bedriftene.</p> <p>Budsjetterte kostnader gjeld løn til næringskonsulent.</p>	Næringsssjef	Kr. 400.000,-
19	Organisering av næringsapparatet	<p>Legge administrasjon av næringsfondet under næringsapparatet innan definerte rammer og internkontroll. Administrasjon av næringsfondet inneber synleggjing, søknadshandsaming, utbetaling og rapportering frå fondet. Framlegg til nye vedtekter for bruk av næringsfondet.</p>	Rådmann	Dekka av andre postar.
20	Organisering av næringsapparatet	<p>Bistå næringslivet i prosjektretta utviklingsarbeid, for eksempel ved å delta som prosjektleiarar eller prosjektkoordinator.</p>	Rådmann, Næringsssjef	Dekka av andre postar.
21	Organisering av næringsapparatet	<p>Etablere rutinar for regelmessig rapportering og evaluering av næringsarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Halvårleg rapportering til kommunestyret.</li> <li>- Rullering av strategisk plan medio november kvart år.</li> <li>- Budsjettgodkjenning i kommunestyre i desember kvart år.</li> <li>- Rullering av Hamneregulativet i desember kvart år.</li> <li>- Evaluering av ny organisering av næringsapparat innan desember 2015.</li> </ul>	Rådmann, Næringsssjef	Dekka av andre postar.
22	Omdømme, marknadsføring og rekruttering	<p>Vurdere felles program for samordna profilering av kommune-næringsliv med formål å bygge kunnskap og forståing om næringslivet og kompetansen i kommunen og kva moglegheiter som eksisterer.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere eit forprosjekt ila. 2015 for å konkretisere prosjektet.</li> </ul>	Rådmann, Næringsssjef, BNR	Kr. 150.000,-

ID	Fokusområde	Tiltak	Ansvarleg	Budsjett (Nok)
23	Omdømme, marknadføring og rekruttering	Bidra til rekruttering av nye innbyggjarar frå inn- og utland. Etablere strategi / årshjul for deltaking på messer, konferansar, møteplassar og andre relevante fora, for å synleggjere kommune og næringsliv. Budsjetterte kostnader gjeld løn til rekrutteringskonsulent, reisekostnadar og kostnadar ved gjennomføring av messe / konferansar.	Rådmann, ansvarleg Rekruttering, Næringssjef, BNR	Kr. 500.000,-



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.

© 2014 Deloitte AS